



KVINNHERAD
K O M M U N E
Ordfører

Hordaland fylkeskommune, Samferdsleavdelinga
v/ fylkesdirektør Håkon Rasmussen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato: 05.03.19
Peder Sjø Slettebø	907 40 595			

Ber om raskartlegging av fv. 40 Matre-Åkra i Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har, som fylkesdirektør for samferdsle i Hordaland fylkeskommune kjenner til, klårt mest av fylkesvegnettet i heile fylket (9%). Standarden er gjennomgåande svært dårleg. Hordaland fylkeskommune har, i samarbeid med Kvinnherad kommune, sendt Stortinget søknad om bompengefinansiering av «Kvinnheradpakken». Dette spleiselaget mellom stat, fylke, kommune og trafikantar vil bidra til høgst naudsynt oppgradering på mange viktige parsellar langs fylkesvegane i Kvinnherad. Eg vil nok ein gong nytta høvet til å takka fylkeskommunen for det gode samarbeidet vi har hatt under utarbeiding av Kvinnheradpakken og strakstiltaka som vart sett i gong.

Kvinnherad kommune skal no utarbeida ein heilt ny og overordna kommunedelplan for samferdsle. I denne vert det etter mitt syn mellom anna viktig å få på plass langsiktige planar for dei delane av fylkesvegnettet som ikkje er omfatta av Kvinnheradpakken.

Ein av disse strekningane er fylkesveg 40, hovudsakleg mellom Matre og Åkra. Som fylkesdirektøren nok er kjend med er dette ein vegstrekning av svært låg standard, og det er ved få unntak ikkje mogleg for to bilar å passera. Kvinnherad kommune er oppteken av å ivareta innbyggjarane våre uansett kor dei er busett, og det er eit viktig mål for kommunen at vi i framtida også kan ha levande bygder i utkanten av kommunen. Då er det naudsynt med gode og trygge vegar alle stader det bur folk.

Kvinnherad kommune har sjølv sagt stor forståing for fylkeskommunen sine utfordringar på fylkesvegnettet i heile Hordaland, og er klar over at utbygging og utbetring i det

vidare vil vera avhengig av lokale bidrag. Etter mitt syn tilseier dette at Kvinnheradpakken som no er til handsaming bør vera den første av fleire pakkar. Dette er eit spørsmål vi vil komma attende til.

Sommaren 2018 gjekk det ras på fv. 40 mellom Matre og Åkra. Vegen vart stengd i lengre tid, og innbyggjarane i området er naturleg nok uroa over tryggleiken. Denne uroa deler sjølvsagt Kvinnherad kommune.

Sett i lys av at Kvinnherad kommune no vil utarbeida kommunedelplan for samferdsle, og det har gått ras på fv. 40, er det turvande for Kvinnherad kommune at vegeigar fylkeskommunen snarleg gjennomfører ei raskartlegging av strekninga.

Kvinnherad kommune bed såleis med dette om at Hordaland fylkeskommune snarast tingar raskartlegging av fv. 40 mellom Matre og Åkra.

Med von om positiv attendemelding!

Med helsing

Peder Sjo Slettebø
Ordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Silja Ekeland Bjørkly (H)
Benthe Bondhus (Sp)
Synnøve Solbakken (Ap)